



STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM
p.b. 53
5601 Norheimsund

Dato: 07.05.2018
Vår ref.: 2017/14816-52
Saksbehandlar: roaland
Dykkar ref.:

Att. Silje Hausberg Tjosås

MF Folgefond I - Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy 2018 - underretting om vedtak

Vi viser til søknaden Dykkar om tilskot til fartøyvern.

Søknaden vart handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte den 24.04.2018, sak 48/18. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Grunngjeving

MF Folgefond er eit freda fartøy og har fått tildelt kr 3.167.197,- frå Riksantikvaren, som er meint å dekke demontering og dokumentasjon av resterande treverk, samt arbeid ved Bredalsholmen verft. Vi prioritert ikkje å gje støtte i denne omgang.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjera.

Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.